

Fra: Else-Marie Brobakke Aarø (Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)
Sendt: 14.10.2015 15:47:59
Til: 'erlend.vagane@bergen.kommune.no'
Kopi: John Martin Jacobsen; Lise Fauskanger Ådlandsvik

Emne: SV: Belysningsplan Ytre Arna

Vedlegg:

Fra: Vågane, Erlend Ytre-Arne [mailto:Erlend.Vagane@bergen.kommune.no]
Sendt: 14. oktober 2015 13:50
Til: Else-Marie Brobakke Aarø
Emne: Belysningsplan Ytre Arna

Hei Else-Marie

Vi har no oppretta ei prosjektgruppe som skal jobbe med gjennomføring av ein del konkrete belysningstiltak i Ytre Arna, på bakgrunn av den belysningsplanen som vi tidligare fekk tilskot til å utarbeide. Vi er no i ferd med å hente inn tilbod på å prosjektere belysninga på utvalte vegar og plassar, og vi har mellom anna dialog med Kommunalt råd for funksjonshemma for å få til best mulig tilpassa løysingar også for synsnedsette.

Men så er det slik at det går ein fylkesveg tvers gjennom Ytre Arna sentrum, og belysninga her pregar resten av staden i stor grad. Eg har sendt førespurnad til Statens Vegvesen om å inngå ei samarbeid om dette, men dei måtte vidaresende førespurnaden til fylket for eventuelle bevilgningar til å bytte ut belysninga i sentrumsområdet.

Så lurte eg på om du veit noko om mulighetene for å få til eit samarbeid med fylket på dette området? Vi har sagt at vi kan ta på oss kostnadane ved å prosjektere ny belysning, men vi kan ikkje ta investeringa så lenge det ikkje er vår veg. Eg vil ikkje tru det er enorme investeringar det er snakk om, og det er uansett eit viktig mål i prosjektet å gjere gode energisparingar som gjer investeringane lønsame over litt tid.

Erlend Vågane

Koordinator områdesatsing Ytre Arna
Bergen Kommune
erlend.vagane@bergen.kommune.no
922 98 430

Facebook: <https://www.facebook.com/SatsingYtreArna>

Twitter: <http://twitter.com/SatsingYtreArna>